

Sunndal MDG

Valprogram 2023–2027



Innhold

Difor bør du stemme MDG i år!	2
Eit varmare samfunn for alle	3
Ein oppvekst for framtida	4
Eit grønare næringsliv	5

Difor bør du stemme MDG i år!

I perioden 2023–2027 ønsker Miljøpartiet Dei Grøne Sunndal å løfte fram tre tema:

1. eit varmare samfunn for alle
2. ein oppvekst til det beste for barna
3. eit grønare næringsliv.

Målet til Sunndal MDG er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Vi ønsker å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggande solidiratetsprinsipp:

- solidaritet med andre menneske
- solidaritet med framtidige generasjonar
- solidaritet med dyr og natur

Sunndal MDG vil skape eit samfunn kor vi har gode liv utan av vi øydelegg for andre. Vi erkjenner at vi ikkje har komplette løysingar på alle utfordringane vi står overfor. Vi har difor ei audmjuk og lyttande haldning i møte med menneske, kunnskap og samfunn, slik at politikken vår stadig kan bli utvikla i møte med ny innsikt og forståing.

Demokratiet er under press i verda. Sunndal blir også påverka av internasjonale impulsar som utfordrar den demokratiske forståinga. Tillit til det politiske systemer synk og færre engasjerer seg.

Sunndal kommune har eit sterkt fundament å støtte seg til med ein god økonomi, høg kompetanse blant kommunalt tilsette, eit innovativt næringsliv som investerer mykje, og låg arbeidsløyse. Det er all grunn til å vere optimist for og i Sunndal. Samstundes må vi ta tak i sentrale utfordringar – mellom anna knytt til demografi og internasjonale megatrendar som også påverkar lokalt.

Med dette programmet vil Sunndal MDG bidra til å ta vare på optimismen vi opplever i dag, også i framtida – for alle, for alltid.

[bilde av lokallag her - pass på så det ikke er for stor filstørrelse, ikke mer enn 1 MB]

Eit varmare samfunn for alle

Ei sentral utfordring for Sunndal er den demografiske utviklinga. Mange unge vaksne flyttar til byar, og det blir fødd færre barn enn før. Balansen mellom eldre og unge er i endring. Korleis skal vi ta vare på kvarandre framover?

Sunndal blir påverka av den internasjonale situasjonen. Vi tar imot migrantar frå heile verda. Sunndal MDG meiner at tilflyttarar styrker lokalsamfunnet og gjør oss betre rusta til møte framtidige utfordringar. Viss folk skal velje å bu og bli buande i Sunndal, må vi satse på integrering, og vi må legge til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og frivilligheita.

Miljøpartiet Dei Grøne Sunndal vil skape solidaritet mellom generasjonar i eit varmare samfunn. For at vi skal lukkast treng vi varme inkluderande møteplasser i skole, på jobb og i fritid.

Sunndal MDG ønsker å

- jobbe for eit billigare kollektivtransporttilbod
- stimulere til aktivitetar som bidrar til fellesskap og integrering
- etablere eit forum for frivillige lag- og foreiningar
- oppmuntre til eit aktivt og koordinert kulturliv
- teste ei forsøksordning for open scene med konserter
- auke kunnskap om lokal naturrikdom
- halde fram med å tilby varm og god mat til eldre
- skape ein stor leikeplass i sentrum for både barn og ungdom
- tilby ein rabattert kulturskole for tilflyttarar
- stimulere til meir dialog mellom politikarar og innbyggjarar
- redusere digitalt utanforskap
- gjere kommunale tenester enklare tilgjengeleg for innbyggjarar

Ein oppvekst for framtida

Mykje i samfunnet har endra seg på kort tid, og det har også barn og ungdom sin kvardag. Dei unge i dag har tilgang til mykje informasjon og mange aktivitetar. Samstundes ser vi at stadig fleire unge rapporterer om mistriksel og ulike psykiske utfordringar.

Miljøpartiet Dei Grøne Sunndal vil styrke barn og unge si psykiske helse og auke livsmeistring gjennom tiltak som satsing på fysisk aktivitet, friluftsliv og gode arenaer for samvær – med bevisst bruk av teknologi.

Sunndal MDG ønsker å

- utvide samarbeid mellom skole og folkebibliotek
- oppmode til samarbeid mellom pensjonistsenteret og skole
- gi meir rom for tilpassa utviklingsarbeid i skolane
- stimulere til sykling eller gåing til skolen
- leggje til rette for utandørs aktivitetar i skolane og gjere elevane kjende med naturen i Sunndal
- vektleggje menneskeleg samvær i skolen – mellom anna ved mobilfri skole
- utfordre skolane til å organisere ein demokrati-dag for innbyggjarar
- utarbeide retningslinjer for ein restriktiv og gjennomtenkt bruk av datateknologi i barne og skole

Eit grønare næringsliv

Næringslivet i Sunndal er ambisiøst, med mange spennande prosjekt på gang. Framtida tilhører aktørar som skaper verdiar utan å skade klima og natur. To store utfordringar har konsekvensar for lokalt næringsliv: rekruttering og bustadmangel.

Sunndal MDG vil gi rom for skaparkraft, innovasjon og lokalt tilpassa løysingar. Vi står verksemndene som satsar på miljøvennlege løysingar. Vi vil promotere livskvalitet for å gjøre Sunndal attraktivt og balansere bustadbygging med å ta vare på naturen.

Sunndal MDG ønsker å

- støtte sirulære Sunndal samt andre prosjekt og teknologi som bygger opp om det grøne skiftet
- utvikle infrastruktur på Sunndal næringspark
- forsterke gradvis miljø- og sosialkrav ved kommunale anskaffingar
- fortette eksisterande bustadområde og regulere nye bustadtomter, og verne matjord og myr
- støtte grøn innovasjon i jordbruk
- auke satsinga på kultur som næring
- vere ein pådrivar for reparasjon, redesign, utlån, gjenbruk og ombruk

